



Informasjon til bedrifter som må permittere

Koronaviruset rammar alle næringar, og NAV førebur seg på ein ennå større auke i tal personar som registrerer seg dei komande vekene. Mange av dei er tilsett hos ein arbeidsgjevar som må permittere.

Det er foreslått ein del regelendringar som følgje av koronaviruset. Desse er ikkje tredd i kraft ennå, men på nav.no vil det heile tida vere oppdatert informasjon om desse, og mange andre spørsmål du treng svar på.

Vi vil difor sterkt oppmode om at ein bruker nettsidene til NAV slik at ein til ein kvar tid har oppdatert informasjon.

Kva må du som arbeidsgjevar gjere:

Ein arbeidsgjevar som skal permittere 10 eller fleire tilsette skal gje melding til NAV om dette så tidleg som mogleg. Dette gjer dei ved å nytte skjemaet «Arbeidsgivers meldeplikt til NAV ved masseoppsigelsar, permitteringer uten lønn og innskrenking i arbeidstiden». (NAV 76-08.03). Skjemaet må sendast i posten, men det vert jobba med å utvikle eit digitalt skjema.

I tillegg til å varsle på vanleg måte med skjemaet, kan arbeidsgjevarar ta direkte kontakt med oss om det er behov for råd og rettleiing.

Vi anbefaler deg som arbeidsgjevar å informere den permitterte om at han eller ho så raskt som mogleg registrerer seg som arbeidssøklar og søker dagpengar. Ein registrerer seg på nav.no, og her kan ein og sende digital søknad om dagpengar. På nav.no vil det og vere oppdatert informasjon om rettar og pliktar til personar som vert permitterte.

Det vil bli behov for arbeidskraft

På grunn av koronaviruset vil det bli eit aukande behov for arbeidskraft innan fleire næringar. Personar som registrerer seg hos NAV blir bedt om å fylle ut CV og jobbprofil. Det skal gjere det lettare for arbeidsgjevar og NAV å finne rett kompetanse. Vi oppmodar alle som registrerer seg hos NAV om å sørge for ein god og fullstendig CV. Alle bør tenke på om dei har ein kompetanse som samfunnet vil få behov for i ein periode framover.

Viktige nettsider for informasjon frå NAV i samband med koronavirus:

- [Koronavirus – informasjon frå NAV](#)
 - [NAV om permittering](#)
 - [Arbeidstilsynet om permittering](#)

**For arbeidsgjevarar som treng bistand utover det som er tilgjengeleg på
nav.no:**

Ring arbeidsgjevartelefonen tlf. 55 55 33 36.

eller

Send e-post eller ring til:

NAV Stad: Ingunn.husevag@nav.no, tlf 41 29 33 98

NAV Gloppen: Atle.jan.foleide@nav.no, tlf 41 39 52 57

NAV Bremanger: Anita.lexau.grotle@nav.no, tlf 45 86 69 49

NAV Stryn silje-katrin.opheim@nav.no, 91 11 42 46

eller

Teamkoordinator NAV region Nordfjord:

Øyvind.hervik@nav.no tlf 91 73 65 94

Pressekontakt:

Kari Tønning, regionleiar, tlf. 45233070, e-post kari.tønning@nav.no